




Julekalender: Stjerne



Løysingsord: _____



Julenissen har laga ein spesielle terning. Han har skrive dei seks minste oddetala på sidene, eitt tal på kvar side.

Han kastar terningen 3 gonger og legg saman tala han får.



Kva sum kan julenissen ikkje få?


13	19	20	21	29
M	H	U	J	O




Rudolf har laga fem ulike mønster.




Kva mønster har det største grønne arealet?




B




S



N



H






Ø



Nissebarna har laga eit nytt talsystem.

A viser talet 14.

B viser talet 123.



Kva for eit tal viser C?

1462	246	2641	1246
D	J	F	B



Tre av julenissen sine reinsdyr spring rundt og rundt på ein løpebane.

Prancer bruker 3 minutt på kvar runde.
Comet bruker 4 minutt på kvar runde.
Blitzen bruker 5 minutt på kvar runde.

Alle tre startar samtidig.

Start og mål er på same stad.



Kor lang tid vil det ta før alle tre kryssar mållinja samtidig?

Etter 12 minutt	Etter 20 minutt	Etter 36 minutt	Etter 60 minutt	Dei vil aldri krysse mållinja samtidig
P	S	L	E	A



Nissejenta har bygd eit tårn med seks terningar.

Før ho limde saman terningane til eit tårn, passa ho på at flest mogleg prikkar var synlege.

Ho kan også løfte på tårnet og sjå under.



På ein vanleg terning er summen av to motstående sider alltid 7.



Kor mange prikkar er synlege på nissejenta sitt tårn?

42	84	91	96	106
D	O	M	R	A



Julenissen har 201 myntar.

Ein tredel av myntene er 1-kroner.

Ein tredel av myntene er 5-kroner.

Resten er 10-kroner.




Kor mange kroner har julenissen til saman?

201 kr	670 kr	963 kr	1072 kr	2001 kr
H	K	P	T	C



Nissejenta legg ein pakke på ei skålvekt.
Pakken veg 445 g.

For å få skålvakta i balanse, kan ho bruke
desse lodda med vekt i gram:



Nissejenta oppdagar at ho kan få skålvakta i balanse
på mange ulike måtar, men bestemmer seg for
at ho vil bruke så få lodd som mogleg.


Kva er det minste talet på lodd nissejenta må bruke for å få vekta i balanse?

2	3	4	5	6
M	R	J	Ø	B



Rudolf skal fargeleggje kvadrat og trekantar på ein slik måte at to figurar som grensar til kvarandre aldri har same farge.

To figurar grensar til kvarandre om dei har felles sidekant eller felles hjørne.



Kor mange ulike fargar må Rudolf minst bruke?

4	5	6	7
Æ	Y	P	O



Julenissen har 14 grå, 8 brune og 6 kvite mus.

Ein dag gøymde alle musene seg i sekken til julenissen.

Med bind for auga tek julenissen opp éi og éi mus frå sekken.




Kor mange mus må julenissen ta opp for å vere sikker på at han har teke opp ei mus av kvar farge?

3	9	15	23	28
C	S	H	E	D



For tre år sidan var trillingane Anna, Beate og Camilla og den fire år eldre søster deira Lilly til saman 24 år gamle.



Kor gammal er Lilly i dag?


8	9	12	15
K	J	I	A



Ei stjerne er teikna inni ein regulær sekskant.

Spissane til stjerna ligg midt på sidekantane til sekskanten.

Arealet til stjerna er 6.




Kor stort er arealet til heile sekskanten?

8	9	10	12	15
H	L	O	G	B



Siffera 1, 2, 3, 4, 5, 6 og 7 skal plasserast i sirklane.

Summen av dei tre tala langs ei linje skal vere lik for alle linjene.



Korleis må siffera plasserast?

Det er umogleg	Det finst berre éi løysing	To ulike tal kan stå i sirkelen i midten	Tre ulike tal kan stå i sirkelen i midten	Kva tal som helst kan stå i sirkelen i midten
A	L	Ø	V	K